

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.05.2021

**Tilskot til regional bransjeutvikling innan kulturelle og kreative næringar. Fordeling 2021**

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune løyver 1 500 000 kroner frå Tilskot til regional bransjeutvikling innan kulturelle og kreative næringar til:

	Søkjjar	Prosjektnavn	Søknads - sum	Tilråding
1	BERGEN LIGHTS, BERGEN	Bergen internasjonale lysfestival	75 000	50 000
2	DATASPILLSENTERET - NORSK SENTER	Konsoll 2021	100 000	60 000
4	FLORØ E-SPORT	Florø Esportsenter	200 000	150 000
5	Foreningen Trykkeriet	Støtte til kompetanseheving, strategiplan og produksjon av demovideoer	200 000	170 000
8	NORSK FORFATTERSENTRUM	Rammeverk for digitale oppdrag	50 000	50 000
9	PREFORM AS	Fjaler Studio	150 000	100 000
12	STIFTELSEN LITTERATURHUSET I BERGEN	Bransjeutvikling og etablering av nettverk for litteraturformidlarar	120 900	50 000
13	Stiftelsen Spillhus Bergen	Nettverk for markedsføring og utvikling av den regionale spillbransjen	320 000	150 000
15	SUNNFJORD MUSIKKFEST	Lutt konferanse	50 000	50 000
16	SYV MIL AS	Subsidiert produsenthjelp for scenekunsten	60 000	60 000
17	SYV MIL AS	Hermit Plattform (arbeidstittel)	155 000	110 000
19	TEATER VESTLAND AS	Regional bransjeutvikling i Vestland	100 000	60 000
20	TEKSTALLIANSE	Tekstallianse - Regional bransjeutvikling	250 000	170 000
21	TEKSTALLMENNINGEN AS	Tekstallmenningen - tidsskrift- og småforlagssentralen	150 000	70 000
22	VESTNORSK FILMSENTER AS	Profesjonaliserings- og internasjonalsiseringsløft for Vestnorsk filmbransje 2021-2023	500 000	200 000

Følgjande søknadar blir ikkje innvilga:

	Søklar	Prosjektnavn	Totale utgifter	Søknads-sum
3	Einar Jakobsen	Sykehjemsvisninger av filmen Bergen i all beskjedenhet	540 000	490 000
6	GEMS AS	GEMS MUSIC	1 330 000	200 000
7	KULTUR VEST AS	Kulturløft i Vest	88 000	75 000
10	RANDEFALK MUSIKK AS	Regional verdikjedeutvikling av tilbehørselementer for blåseinstrumenter	350 000	175 000
11	SOGNDAL KOMMUNE	Bransjenettverk for kultur i Sogn	570 000	300 000
14	Stiftinga Kystkultur No!	Utvikling av Kystkultur.no	2 400 000	500 000
18	SYV MIL AS	Produsentpodden	545 000	190 000

Samandrag

<b>Generelt:</b>	
Budsjett 2021:	1 500 000 kroner
Søknadsfrist 2021:	6.april
Vedtaks kriterier og programområde:	Hovudutval for kultur, idrett og integrering. <a href="#">PS 6/2021</a>
Informasjon om ordninga:	<a href="#">Informasjon på nettsida</a>

<b>Fordeling 2021:</b>	
Tal på søknadar:	22
Tal på søknadar som er tilrådd støtte:	15
Samla søknadssum:	4 410 900 kroner
Tilrådd fordeling:	1 500 000 kroner

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

Ronny Bjørnar Skaar  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I statsbudsjettet for 2021 vart det vedteke å flytte ein av tilskotsordningane Kulturrådet har hatt for kulturell og kreativ næring frå Kulturrådet til fylkeskommunalt nivå. Av desse midlane vart 1 500 000 kroner overført til Vestland fylkeskommune som del av rammeoverføringa for 2021. Det vart difor oppretta ein eiga budsjettpost til regional bransjeutvikling i Vestland fylkeskommune sitt kulturbudsjett for 2021.

I møte 13.01.21 vedtok Hovudutval for kultur, idrett og integrering at Tiltak til regional bransjeutvikling innan kulturelle og kreative næringer vart etablert og lyst ut som ein tilskotsordning for å utvikle og styrke regionale bransjestrukturar for kulturell og kreativ næring. 1 500 000 kroner er sett av til ordninga i 2021 og søknadsfrist var 6.april.

### Føremål med ordninga

Ordninga skal bidra til å utvikle og styrke regionale bransjestrukturar for kulturell og kreativ næring i Vestland. Ordninga gir tilskot til tenesteutvikling og kompetanseheving innan nærings-, marknads- og forretningsutvikling som kjem fleire aktørar i regionen til gode. Ordninga er retta mot regionale kompetansesenter, organisasjonar, nettverk og andre aktørar med regionalt nedslagsfelt, for bransjebygging innan kulturell og kreativ næring.

### Overordna kommentarar til innstillinga

Kultursatsingane i Vestland fylkeskommune er vedtekne gjennom regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025; PREMISS: KULTUR, og i regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027; Kultur for alle. Desse planane vil gjelde i det geografiske området dei er vedteke i fram til regional plan for kultur i Vestland er vedteken. Vidare vil PREMISS: KULTUR og Kultur for alle liggje til grunn for fylkeskommunen sine prioriteringar og er saman viktige reiskap i vurderinga av KUP-søknadene.

Det er sett opp følgjande vilkår som søknadane har vore vurdert opp mot:

#### Absolutte kriterium:

- Tiltaket skal vere i samsvar med føremålet i søknadsordninga.
- Tiltaket skal ha regional kulturverdi, dvs. ha ein kommuneovergripande funksjon og / eller verdi, gjerne for større deler av fylket.

#### Skjønsmessig vurdering:

- Potensial for bransjebygging: Om prosjektet kan dokumentere korleis det skal bidra til å utvikle bransjestrukturane i regionen.
- Kunstnarøkonomi og nedslagsfelt: Om prosjektet gir fleire aktørar i regionen høve til profesjonalisering av verdikjeda og økt forretningskompetanse.
- Bredde i finansiering: Om prosjektet kan dokumentere lokal, regional eller privat medfinansiering.
- Overføringsverdi: Om prosjektet utviklar modeller, metodar eller tenester som kan ha relevans for andre aktørar / regionar.
- i kva grad prosjektet er nyskapande og kan ha verdi som pilotprosjekt
- i kva grad prosjektet har eit høgt kvalitativt nivå
- i kva grad prosjektet kan seiast å ha berekraft og gjennomføringsevne
- i kva grad søkjar har lukkast med å samarbeide med andre og på tvers av kultursektoren
- i kva grad søkjar kan oppnå full prosjektfinansiering (nasjonal/internasjonalt)
- i kva grad søkjar har tatt med vurdering av eventuell drift av tiltaket etter prosjektperioden (varig drift)

Det vert ikkje gitt støtte til innhaldsproduksjon, ordinær drift, kulturarrangement (konserter, turnear, framvisingar, utstillingar m.m.) eller forskning.

Av 22 innsendte søknadar er 16 av desse oppgjeve med postadresse Bergen. Av dei 6 andre søknadane er det oppgjeve postadresse Førde (2 stk), Leikanger, Isdalstø, Dale i Sunnfjord og Florø.

Søklarane som er tilrådd midlar er bransjebyggjande aktørar innan kategoriane visuell kunst, musikk, scenekunst, litteratur, film og spill (inkl. e-sport). Søklarane som er tilrådd avslag fell anten utanfor føremålet til ordninga eller er vurdert til å ikkje støtte vurderingskriteria i høg nok grad til å verte prioritert. Dette gjeld særleg det absolutte kriterium om at tiltaket skal ha regional kulturverdi.

I vurderinga av alle søknader er det lagt vekt på fagleg innhald, profesjonalitet og gjennomføringsevne. Andre omsyn som er vektlagt er geografisk spreing og fagleg og sjangermessig bredde.

Det er tilrådd midlar til dei som har søkt til konferansar. Dette gjeld konferansar innan kategoriane spill, litteratur og musikk. Tilrådingane er gjort av omsyn til at dei aktuelle konferansane er viktige verkemiddel for å auke fagkompetansen og nettverket i den einskilde bransje.

Framlegg til vedtak må sjåast i samanheng med fylkesrådmannen sine vurderingar i søknadsoversikta som følgjer som vedlegg til saka. Nummereringa i vedtaket viser til nummereringa i oversikta.

Fylkesdirektør vil kome attende med ei evaluering av ordninga i løpet av 2021.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Vurderingar og verknader

#### **Økonomi:**

Tildelinga er i samsvar med vedteke budsjett. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Vestland fylkeskommune.

#### **Klima:**

Fylkesdirektøren kan ikkje sjå at dei omsøkte tiltaka har monaleg klimaavtrykk.

#### **Folkehelse:**

[Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle](#): Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

#### **Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, [Kultur for alle](#), og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, [PREMISS: KULTUR](#) set mål for tilskot til kunst- og kulturføremål.

Konklusjon

Fylkesdirektør rår til at 1 500 000 kroner vert løyvd til og fordelt til 15 av prosjekta blant dei 22 søknadane.